

Laila B Solhaug Reknes  
Masfjordvegen 866  
5986 Hosteland

## Førehandstilsegn - avkørysle - fv. 5498 - gnr. 123 bnr. 15 i Alver kommune

Vi viser til søknad datert 18.09.2019.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til etablering av avkørysle frå fv. 5498 til eigedom gnr. 123 bnr. 15 i Alver kommune.

### Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselsaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

1. Avkørysla skal plasserast i tråd med situasjonskart vedlagt søknaden. I tillegg skal ein følge krav til utforming (Prinsippskisse) som ligg ved. Krava er mellom anna:
  - a. Siktkrav er 4 x 45 m fri sikt. Det kan ikkje vere sikhinder i siktsona høgare enn 0,5 meter. Vi vurderer at sikta må utbetrast retning høgre i avkørysla..
  - b. Svingradius skal vere 4 meter (8 meter i diameter). Svingradius skal markerast tydeleg med grøft, betongkant eller anna avvisande kant mot sideterrenget.
  - c. Avkørysla skal ha helling frå fylkesvegen slik at ein unngår vatn å renne inn i vegen. Vi er særleg opptatt av helling dei første 5 meterane, sjå prinsippskisse.
2. Løyvet gjeld tilkomst til fritidseigedom.
3. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentleg veg.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkørysle, frisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
5. Avkørysle går over ei veggrøft, det må leggjast eit røyr 300 mm. Røyret må vere tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna.
6. Så snart avkørysle er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd avkjørsel* underskrivast og sendast i retur til Vestland fylkeskommune.
7. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkørysla har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkjørsel* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekke tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkørysla kan krevje arbeidsvarsling. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

#### Bakgrunnen for vedtaket

- Vestland Fylkeskommune har i vurderinga lagt vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkjørsel frå.
- Avkjørsle får god sikt og primærvegen har låg ÅDT. Fartsgrense på staden er 50 km/t.
- Vestland Fylkeskommune kan ikkje sjå at opparbeida avkjørsle etter vilkår reduserer trafikktryggleiken på fv. 5498 monaleg.

#### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart mottatt. Klageinstansen er den fylkeskommunale klagenemnda. Send klagen til Vestland fylkeskommune [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no), eller Vestland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen.

Med helsing

Ann Kristin Nes  
Leiar

Eva Sundal  
Overingeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Vedlegg  
Situasjonsplan datert 17.09.2019  
Prinsippskisse  
Melding om ferdig opparbeida avkjørsle  
Skjema: klage over forvaltningsvedtak  
Veglova § 40 og 43

Kopi til:  
Tiltakshavar  
Eli-Karin Schaug-  
Pettersen

Alver kommune

Tone Bøyum VLFK FOB